

# Optisk synsprøve

KONTAKTLINSER  
TILPASSES

Ivar Øverlie

URMAKER - OFF. GODKJENT OPTIKER

Sunnalsøra 71 69 15 62  
Surnadal 71 66 03 19



Tlf 71 65 55 30

## Søndagsmiddag 10. august

- Småstek m/erterstuing
- Lammestek m/grønnsaker
- Kokt kveite m/agurk og rømme
- Sviskerfromasj

NISSAN Ford SUZUKI

## TELLESBØ Karosseri AS

6650 Surnadal • Tlf 71 66 12 08

FORD • NISSAN • SUZUKI

- NY Ford Mondeo
- NY Nissan X-Trail
- NY Suzuki Grand Vitara SE
- NY Ford Focus

Stikk innom  
for en hyggelig  
bilprat



DØGNVAKT  
Tlf 71 66 12 08



DØGNVAKT  
Tlf 71 66 12 08

Mekonomen  
Bildelkjeden



Tlf 71 55 51 35

www.valsoya.no

Velkommen til

## BALLDAG

på lørdag fra kl 13.00-21.00.

Dagens på søndag:  
SEIBIFF

Vi serverer PIZZA hver dag.  
Kan også bestilles for å ta med hjem.

Åpningstider: Kl 13.00-21.00

Velkommen!

LES **DRIVA**  
PÅ NETT!

## Nå kan du kjøpe papirutgaven på nett

- les den på skjerm,  
eller skriv den ut.

Prisen er kr 15.00

Gå inn på

[www.buyandread.com](http://www.buyandread.com)

og les hvordan du kan kjøpe avisa på nett

## dagens ord

Det ene ord tar det andre, talemåte hos Peder Syv 2, som forklarer: Når det første onde ord ikke kommer, da kommer ei heller det siste.

Sitatleksikon. Bevingede ord, sitater, ordtak og fyndord. Kunnskapsforlaget

## DAGENS NAVN



Evy Hestnes

8. august: Evy, Yvonne  
9. august: Ronald, Ronny  
10. august: Lorents, Lars, Lasse

## VÆRET

I dag og i morgen nordøstlig bris. Utrygt for enkelte regnbyger i indre strøk, ellers oppholdsvær og perioder med sol. Uendret eller litt lavere temperatur. Søndag til og med onsdag skiftende bris. Av og til enkelte regnbyger, ellers opphold og perioder med pent vær. Etter hvert litt stigende temperatur.

## FLO OG FJÆRE

**I dag:**  
Flo kl. 4.20 og 16.48.  
Fjære kl. 10.48 og 23.04.  
**I morgen:**  
Flo kl. 5.11 og 17.44.  
Fjære kl. 11.38.  
**Søndag:**  
Flo kl. 6.16 og 18.57.  
Fjære kl. 0.13 og 12.42.

## DAGENS LENGDE

har avtatt med 3 timer og 19 minutter siden sommersolverv

Presse Faglige utvalg  
**PFU**

Driva arbeider etter Vær varsom-plakatens regler for god pressekikk. Den som mener seg rammet av urettmessig omtale, oppfordres til å ta kontakt med redaksjonsledelsen. Det er også anledning til å reise klage overfor Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17, 0101 Oslo, telefon 22 40 50 40. E-post: [presseforbundet@presse.no](mailto:presseforbundet@presse.no)

# Bastuba med Perikom

Vi får 13 låtar prega av kjenslevart og solid handverk når Karstein Mauset og Perikom slepper sin første full-cd.

Tekster, melodiar, arrangement og musikalsk framføring er alle med på å gjere Perikom sin første gjennomproduserte cd Bastuba vel verd å ha i cd-hylla, og ikkje minst å ta fram og legge i spelaren – ofte.

Rett nok har Perikom gjeve ut ep-en Heimkome tidlegare, og sjølv om den har slege godt an blir den meir av ein demo å rekne mot Bastuba.

Det er berre å bøye seg i støvet både for Karstein Mauset som låtskriver og for Jo Ranheim som arrangør og produsent. Plata er innspelt, produsert og miksa på Øra studio i Trondheim og utgjeve på Square Records.

Det let ikkje perfekt, og eg mistenker rett og slett Ranheim for medvete å unngå at perfektjonen kjem i veien for musikken. Eg har i alle fall ingen grunn til å tru at ting ikkje er gjort medvete på den plata.

**I tillegg til Perikom sine faste musikarar** som saman med Karstein Mauset og Jo Ranheim til Ingebrigt Løfald og Håkon Fredriksen, har dei fått med seg Øyvind Engen (Dadafon) på cello og strykearrangement, Ann Helen Stamnsve (Lassie & The Lads) på fiolin, Reidar Løfaldli på gitar, Lars Ole Løseth på munnspele, mandolin og banjo, Ketil Hustad (Svevestøv) på piano og Jeanette Paulsen (Toner fra Trollheimen, Java og Spinnj) på vokal. Musikkorpsset Blåst'n frå Rindal gjestespelar på Songen om han muligens Pe.

Tittellåta med tekst av Hans Hyldbakk er artig nok, men langt



**VELLUKKA:** Perikom sin cd Bastuba blir først presentert på Kafé Filter i Trondheim 14. august.



**SLEPPER CD:** Perikom består av Karstein Mauset (frå venstre, vokal og gitar), Ingebrigt Løfald (trommer og perkusjon), Jo Ranheim (gitarar, mandolin) og Håkon Fredriksen (bass).

frå det beste sporet på albumet. I tillegg til Hans Hyldbakk har Karstein Mauset på denne plata tonesett Jørgen Gravold og ikkje minst Astrid Krog Halse som saman med vokalistane Jeanette Paulsen og Karstein Mauset gir oss albumet sitt definitive høgdepunkt med «Du fann ingen blomme». Eit høgdepunkt saman med 12 andre sterke låtar som kvar for seg står stødig på egne bein. Variasjonen både i tekster, melodiar, song og instrumentering gjer at vi

glatt høyrer heile plata igjennom og berre tørstar etter meir.

**For meg er det dei meir vare tekstene og melodiane som pregar plata** meir enn dei humoristiske innslaga. Slik sett yter Karstein Mauset både Jørgen Gravold og Astrid Krog Halse all rettferd dei fortener som lyrikarar.

«Du fann ingen blomme» har eg høyrte live frå scena før. Det er kanskje difor låten går så rett inn når eg høyrer cd-en. I så fall lovar det godt for resten av plata, som eg kjenner meg ganske sikker på kjem til å vekse for kvar gjennomlytting.

Perikom har sett opp ei kort

turnéliste for platesleppet i august. 14. august er det releasekonsert på Kafé Filter i Trondheim før karane legg ut på landevegen til Surnadal kulturhus 15. august. Laurdag 16. august spelar dei på Rennebumartnaden før dei treffer publikum heime i Rindalshuset same kvelden.

Ein nøgd Karstein Mauset kan opplyse at pianist Ketil Hustad blir med Perikom på turneen og han håper at dei får med seg Jeanette Paulsen òg. Den konserten blir i likskap med cd-en verd å få med seg.

**Magne Lillegård**  
[magne.lillegard@driva.no](mailto:magne.lillegard@driva.no)

## KVA I ALL VERDA ER PERIKOM?

- For dei som ikkje er inne i verken botanikken eller i krydring av heimelaga brennevin, kan det vere litt vanskeleg å skjone kvar Perikom har henta bandnamnet sitt frå.
- I utgangspunktet er ordet perikom omtala i diktet «Svarrabærje» av Hans Hyldbakk.
- Perikom eller johannesurt er bruka som medisinske plante. Her i landet er dei to vanlegaste artane prikkperikom og firkantperikom, som har vore bruka litt om kvarandre.

- Før i tida var det såpass vanleg å bruke planta som krydder i brennevin at larka med krydra brennevin gjekk berre under «perikomen» på folkemunne. Framles finn vi oppskrifter på perikumdrum, og vi kan sitere frå Ulf Lundells Öppna Landskap: «Där bränner jag mitt brännvin själv, och krydrar med joannisurt». Det er det same som perikom det.
- Det er i alle fall i denne tydinga Hans Hyldbakk har bruka ordet og Karstein Mauset har teke bandnamnet.